



Stig spelar Tsjekov i Hardanger-vest

Eigentleg er han fysioterapeut og akupunktør, Stig Nordbø Børsheim frå Uskedalen. Men han er også ein utruleg allsidig kulturutøvar og no har han gjennomført eit nytt spennande og stortprosjekt. Han har sett musikk til ei diktsamling av den verdsberømte irske diktar James Joyce. Diktsamlinga var første gong publisert i 1907 og heiter 'Chamber music'. Titelmelodien heiter 'Arise my beautiful dove' etter eitt av dei mektige dikta.

DVD-en inneheld

15 spor som kvar og ein er ein kunstnarleg heilskap av ord og tonar.



Joyca i Dublin sentrum

Stig har utfalda seg innan musikk og teater i 25 år og har spela både Tsjekov, Ionesco og Williams på dei såkalla skrå breidder. Den banebrytande og verdsberømte svenske botanikaren Carl von Linne er ein av personane han har levandegjort


Men no har han altså vore fanga inn av Joyce. Kjenner du han ikkje på førehand, blir du i alle fall kjent med han hvis du kjem til Dublin. Der står han midt i gata og du lærer at han var eldst av 10 overlevande born, braut med det katolske og vart ein av dei mest framståande forfattarane i verda i sitt århundre. Han levde frå 1882 til 1941 og tilhøvet til Dublin var vesentleg for han sjølv om han budde mest i utlandet. Ulysses er hans mest berømte verk og han var - smigrande for oss - svært oppteken av Ibsen.

Stig Nordbø Børshheim har gjort ein kjempejobb musikalsk sett med bakgrunn i det lyriske grunnmaterialet. Musikken og songen

-og då også Stig si røyst - står godt til dikta og det skal bli interessant å lesa irske vurderingar av DVD-en som samla produkt..

Stig har laga musikken og syng og spelar en del gitar til låtane. Men han har hatt hjelp av det han sjølv kallar eit kobbelt av flinke musikarar - 9 i talet - som han har jobba saman med også tidlegare. Dette albumet har han planlagt i fleire år og målsettinga har vore fullføring i år då åndsverka til dikteren skulle frigjies.

Av Ola Matti Mathisen



DVD-en er eit spennande musikalsk produkt